



Reidar Haukeland

Vetåsg. 75

5938 SÆBØVÅGEN

Referanser:

Dykkar:

Vår: 14/644 - 14/7405

Saksbehandlar:

Hogne Askeland

hogne.askeland@radoy.kommune.no

Dato:

28.06.2014

Byggesak Gnr 84/7 og 16 Haukeland sørre - endring av gitt løyve - sjøbu - godkjenning

Delegasjonssak nr.: 149/2014

Deleget vedtak etter plan- og bygningslova § 20-1

Adresse : Vetåsvegen 201 (Haukelandsvika)

Tiltakshavar : Reidar Haukeland

Ansvarleg søker : Byggmester Rune Antonsen

Søknadstype : Søknad om endring av gitt løyve

Saksutgreiing:

Tiltak

Saka gjeld søknad om etablering av rømingsveg frå 2. etg. på eksisterande sjøbu. Det vert søkt om å få setje inn dør på nordsida og etablere ein utvendig platting med omlag 1.5 meter breidde og med omlag 3 meter lengde med trapp ned til eksisterande terrengr.

Det er i sak 393/13, datert 06.12.13 gjeve følgjande løyve:

Med heimel i plan- og bygningslova §§ 20-1 d vert det GODKJENT søknad om løyve til tiltak i eitt-trinn som omsøkt for innreiing/bruksendring av sjøbu til bygning for overnattings- og serveringsverksemd på følgjande vilkår:

Det vert elles vist til søknad mottatt 18.06.14.

Post

postmottak@radoy.kommune.no
Radøyvegen 1690, 5936 Manger

Kontakt

Telefon +47 56 34 90 00
Telefaks +47 56 34 90 01

www.radoy.kommune.no
Konto 3636 07 00776
Org.nr. 954 748 634

Planstatus

Eigedomen ligg i uregulert område innafor det som i kommuneplan for Radøy er definer som LNF-område, samt innanfor strandsona.

Dispensasjon

Godkjenning av tiltaket krev dispensasjon frå LNF-føremålet i kommuneplanen og Plan- og bygningslova § 1-8 (Forbod mot tiltak mv. langs sjø og vassdrag)

Det er i sak 031/014, datert 07.05.14 gjeve dispensasjon med slikt vedtak:

1. *Etablering av dør og utvendig trapp som rømmingsveg frå 2. etasje på eksisterande sjøhus/rorbu. Trappen skal ha ein utforming som ligg tett på fasaden. Endelig utforming vert å godkjenne i byggesaka.....*

Nabovarsel

Tiltaket er nabovarsla i samsvar med pbl § 21-3. Det ligg ikkje føre merknader frå nabo

Brannprosjektering

Det ligg føre brannteknisk vurdering, datert 29.10.13. Vurderinga er gjort ut frå preksepterte ytelsar i h.t. TEK 10. Radøy kommune legg den branntekniske vurderinga til grunn i sakshandsaminga og at tiltaket vert utført i samsvar med denne.

Plassering

Plassering er vist i foto vedlagt søknaden.

Vatn og avløp (VA)

Eigedomen er sikra lovleg vassforsyning og avløp i samsvar med plan- og bygningslova §§ 27-1 og 27-2.

Tilkomst, avkjørsle og parkering

Det er opplyst i søknaden at eigedomen ikkje har vegtilkomst og at tilkomst må skje via sjø.

Terrenghandsaming

I samband med søknaden er det ikkje søkt om terrengeinngrep. Radøy kommune legg til grunn at omsøkt tiltak ikkje medfører terrengeinngrep.

Visuelle kvalitetar

Tiltaket skal prosjekterast og utførast slik at det etter kommunen sitt skjønn innehar gode visuelle kvalitetar både i seg sjølv og i forhold til tiltaket sin funksjon, bygde og naturlege omgjevnader og plassering.

Flom, skred og andre natur- og miljøforhold

Ansvarleg søker har erklært at tiltaket ikkje skal plasserast i eit område der det er fare for flom, skred eller andre natur- og miljøforhold som krev særskilte undersøkingar eller tiltak. Kommune har lagt denne vurderinga til grunn for vedtaket.

Tekniske krav til byggverk

Tiltaket skal prosjekterast og førast opp i samsvar med Forskrift om tekniske krav til byggverk (TEK10).

VURDERING/GRUNNGJEVING FOR VEDTAKET:

Naturmangfaldslova

Kommunen har vurdert omsøkt tiltak og prinsippa i §§ 8 – 12 i naturmangfaldslova er lagt til grunn ved vurderinga. Det er særleg vektlagd berekraftig bruk og vern av naturmangfaldet der den samla belastninga for økosystemet vert vurdert både lokalt på staden og sett i ein større samanheng. Ein har mellom anna sjekka det aktuelle arealet i www.naturbase.no og www.artsdatabanken.no.

Ein finn ikkje at omsøkt tiltak vil komme i konflikt med naturmangfaldslova. I vurderinga har ein mellom anna nytta rettleiing frå Fylkesmannen i Hordaland.

Ansvarsrettar og tiltaksklasse

Tiltaket er godkjent i tiltaksklasse 1.

Føretaket **Byggmester Rune Antonsen**, org.nr. 985288070 er gjeve ansvarsrett som ansvarlig søker (SØK).

Føretaket har sentralgodkjenning som dekker ansvarsområdet.

Føretaket **Byggmester Rune Antonsen**, org.nr. 985288070 er gjeve ansvarsrett for ansvarsområde PRO, prosjektering bygningsmessig innredningsarbeid.

Føretaket har sentralgodkjenning som dekker ansvarsområdet.

Føretaket **Byggmester Rune Antonsen**, org.nr. 985288070 er gjeve ansvarsrett for ansvarsområde UTF, utføring bygningsmessig innredningsarbeid.

Sakshandsamingsfrist

Søknaden var komplett og klar for handsaming den 18.06.14 og frist for sakshandsaming etter plan- og bygningslova § 21-7 jf. SAK 10 § 7-2 er 3veker frå denne dato.

Vedtak:

Med heimel i plan- og bygningslova §§ 20-1 a, c vert det GODKJENT søknad om endring av løyve som omsøkt for etablering av dør med platting og trapp på følgjande vilkår:

1. Tiltaket kan plasserast i som vist i søknaden med heimel i plan- og bygningslova § 29-4.
2. Det vert føresett at byggverket vert oppført i tråd føresegne gjeve i eller i medhald av med plan- og bygningsloven, herunder kommuneplanen og reguleringsplanen sine føresegner. Dersom søknaden er i strid med offentlege føresegner, gjeld føresegnene føre løyet.
3. Heile tiltaket vert godkjent i tiltaksklasse 1.

4. Vilkår sett i dispensasjonsvedtak 031/2014, datert 07.05.14 skal etterkomast. Trapp skal ha utforming som ligg tett på fasaden. Før arbeida vert sett i gang skal det ligge føre teikningar som viser endeleg utforming av platting/trapp. Teikningane skal godkjennast av byggjesaksavdelinga i Radøy kommune.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf gjeldande delegasjonsreglement for Radøy kommune.

Klage

Enkeltvedtak kan etter forvaltningslova klagast på innan tre veker fra mottak, jf. forvaltningslova § 29. Sjå vedlagde orientering om klagerett.

Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket.

Det kan ikkje reisast søksmål om gyldigheita av vedtaket eller krav om erstatning som følgje av vedtaket utan at moglegheita til å klage over vedtaket er nytta, jf. forvaltningslova § 27b.

Gebyr

Med heimel i plan- og bygningslova § 33-1 og gebyrregulativ for Radøy kommune vedteke i kommunestyret 15.12.11 vert det følgjande gebyr i saka:

| | | | |
|-------------|---------------------|----------|----------------|
| Kode 12.2.2 | Delt sakshandsaming | kr | <u>2 600,-</u> |
| | | Totalsum | kr 2 600,- |

Gebyret skal vere betalt innan 30 dagar rekna frå fakturadato og før arbeidet setjast i gang, jf. plan- og bygningslova § 21-4, sjette ledd.

Bortfall av løyve

Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. plan- og bygningslova § 29-1. Dette gjeld også dispensasjonsløyet.

Avfall

Alt avfall som tiltaket førar med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.

Ferdigstilling

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. plan- og bygningslova § 21-10. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløye føreligg.

Sluttdokumentasjonen skal vise at tiltaket er utført i samsvar med løyve og føresegne gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova. Om det er justeringar i tiltaket i høve løyvet, som ikkje krev søknad om endring, skal ansvarleg søker seinast ved søknad om ferdigattest sende oppdatert situasjonsplan og teikningar til kommunen. Ved søknad om ferdigattest skal søker stadfeste at høveleg dokumentasjon for forvaltning, drift og vedlikehald er overlevert byggverket si eigar. I tiltak der det er krav om avfallsplan eller miljøsaneringsredegjering skal sluttrapport som dokumenterer faktisk disponering av avfall leggjast ved søknad om ferdigattest.

Når det gjenstår mindre vesentlege arbeid kan det utstedast mellombels bruksløye for heile eller deler av tiltaket. I søknad om mellombels bruksløye skal søker identifisere gjenstående arbeid, stadfeste at byggverket har tilfredsstillende tryggleksnivå, og angi tidspunkt for ferdigstilling.

Oppdatert gjennomføringsplan skal alltid leggjast ved søknad om ferdigattest/mellombels bruksløyve.

Kommunen kan gjøre ferdigsynfaring/tilsyn i forkant av at ferdigattest eller mellombels bruksløyve vert utskrive.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saksnr.: 14/644

Klage:

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i Lov om offentleg forvaltning. Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå den dato du vart gjort kjent med vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva du klagar på i vedtaket, og kva endringar du som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.

Det kan ikkje reisast søksmål om gyldigheita av vedtaket eller krav om erstatning som følgje av vedtaket utan at moglegheita til å klage over vedtaket er nytta, jf forvaltningslova § 27b

Dersom du har spørsmål i saka, så kontakt konsulent Hogne Askeland.

Med helsing

Tonje Nepstad Epland
leiar teknisk forvaltning

Hogne Askeland
konsulent

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakere:

Reidar Haukeland
Byggmester Rune Antonsen

Vetåsg. 75
Vetås

SÆBØVÅGEN
SÆBØVÅGEN